



HORDALAND

i nær fortid



Det Norske Samlaget



Fattig og rik

Det var store skilnader på ressursar og næringsgrunnlag i ulike strok av fylket. Når vi samstundes veit at bruka kunne variera mykje i storleik innan same bygdelaget, skulle ein venta ei stor spennvidd i levекåra til bygdefolk. Men det er ei kjensgjerning at det store fleirtalet av oppgåvene som er komne inn, ber bod om heller jamne materielle kår. Kanskje kjem det av at utvalet ikkje er breitt nok. Dei aller fleste forfattarane fortel om eit liv som er merkt av hardt arbeid og tronge kår, men likevel ikkje verre enn at barndomen stort sett står i eit positivt lys. Det er langt mellom bileta av verkeleg romslege kår eller velstand. På den andre sida er det heller ikkje mange som fortel om verkeleg naud. Men det finst slike også, og det gjeld då helst einslege menneske utan jord, eller husmannsfamiliar.

MARIANNE ONARHEIM, fødd 1886 i Kvinnherad, var sjølv oppvaksen i velstand. Faren var godsforvaltar på Rosendal Baroni og åtte dessutan øya Skorpen med hovudbruk, leiglendingsbruk og tre husmannsplassar. Ho er ei av dei svært få som nemner den gamle ordninga med å setja folk på legd.

Med helsevesenet var det slik at gamle og uføre som ikke kunne klare seg, og likedan barn som måtte sørges for, ble sendt i legd til private, som da sannsynligvis betalte sin fattigskatt på den måten. Jeg husker flere som var hos oss, særlig en som gjorde et slikt uutslettelig inntrykk på meg. Der var kommet folk fra Varaldsøy for å hente ham. Han kom da inn i stuen til mor og storgråt som et barn og ba mor så tynt om å få lov til å være over pinsen iallfall. Mor sa ja, men folkene som skulle hente ham, sa nei. De ville ikke ro to ganger den lange veien. Han var vant til at ungdommene ertet ham og var stygge mot ham. Slikt fikk ikke vi lov til. Ja, jeg var nu bare 4-5 år den tid.